



Komponist: Gjermund Larsen, kjenning frå Den Norske Folkemusikkveka.

Ny musikk i gammel form

Ny musikk i gammel stil er den berande ideen bak Trondheimsolistene sin nyaste CD «In folk style».

Sigmund Krøvel-Velle

skv@hallingdolen.no

Å spele musikk som er skriven på gamalt vis er ikkje nytt for orkesteret, som har hatt Griegs Holbergsuite på repertoaret i over 20 år. Grieg skreiv denne på slutten av 1800-talet i same stil som på Ludvig Holbergs tid (1684-1754), og suiten er blitt ein klassikar som orkester over heile verda gjerne framfører.

Her spelar Trondheimsolistene verket så godt som nokon andre, og viser at det ikkje er for ingenting dei er eit kammerorkester i verdstoppen. Som kjent har superfiolinisten Anne-Sophie Mutter fleire gonger samarbeidd med orkesteret og nytta dei til innspelningar.

Eit anna Grieg-verk er og med på CD'en; To Nordiske Melodier inneheld m.a. dei kjende folketonane Kulåt og Stabelåten.

Svensk stil

Emilia Amper er ein kjend utøvar på nyckelharpa. Ho har bringa med seg melodiar frå den svenske folkemusikkgruppa Våsen til Trondheimsolistene, og resultatet har blitt verket *Abrégé* – ei folkevisesuite for nyckelharpa og strykeorkester. I fem korte satsar møter me svensk folkemusikk på sitt mest typiske; delikat, melodios og rytmisk og med god «fot», slik at du får lyst til å trampe takta.

Innovervend

Litt meir typisk norsk, litt meir lydarslåttaktig og innadvent, er verket *Diplom*, suite



Band:

Trondheimsolistene

Album:

In folk style

Musikk av Edvard Grieg, Emilia Amper og Gjermund Larsen.

for hardingfele og orkester av Gjermund Larsen. Larsen er ein dyktig felespelar frå Trøndelag som me kjenner frå fleire besøk i Hallingdal. Han har vunne Olav Thons ærespris, han er Spellemannprisvinnar og ein markert utøvar. I dette verket balanserer han mellom det sublime og det folkelege i eit verk med tydelege røter i folkemusikken.

Med alt som no er på gang i Ål når det gjeld folkemusikk veka ut, og deretter besøk av Det Norske Kammerorkester med Leif Ove Andsnes, er dette absolutt ein aktuell CD. Lyd-CD'en blir følgd av ein blue ray-disk, for dei som har utstyr til å spele av slikt.